

Saksbehandlar: Åge Avedal, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/4254-1

Fylkesråd for eldre - Skriv og meldingar 9. mai 2019

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak

Vedlegg:

1. Er ditt eldreråd engasjert i reformen «Leve hele livet?» Brev til eldreråda frå Pensjonistforbundet. Det blir også munnleg orientering ved Harald Ekroll og Aud Karin Netland.
2. Transport for alle – overalt – enn så lenge. Fråsegn frå Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane.
3. Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane sitt høyringssvar om forskrift om kommunale råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - e-post 7. mars
4. Konferansen «Bolig for eldre», Kristiansand 24.-25. september.
5. Landskonferansen 2019. Resolusjonar. Sjå møtebok frå siste møtet i fylkesrådet for eldre.

Meldesak 1) Reformen «Leve hele livet», brev og munnleg orientering

Pensjonistforbundet har sendt brev til eldreråda i kommunane om regjeringa si reform «Leve hele livet» (www.levעהelelivet.no). Forbundet oppmodar eldreråda om å opprette ein eigen brukarrepresentant som kan vere aktiv deltakar i gjennomføringa av «Leve heile livet» i eigen kommune. Harald Ekroll og Aud Karin Netland har representert Fylkesråd for eldre i Sogn og Fjordane i arbeidet med reforma, og vil orientere munnleg under møtet.

Meldesak 2) Fråsegn om drosjenæringa frå Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane har sendt ut fråsegn om endring av regelverk for drosjeløyve til Fylkeskommunen, pensjonistforbundet sentralt og i fylka, stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane og Fylkesråd for eldre. Pensjonistforbundet er uroa for at eventuelle endringar i dei framtidige drosjetilboda vil gå ut over eldre, spesielt i distrikta.

Meldesak 3) Høyringssvar om forskrift om kommunale råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne frå Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane har sendt høyringssvar til Kommunal- og moderniseringsdepartementet som gjeld forskrift om kommunale råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Dei har konkrete forslag til endringar i forskriftene som gjeld målform, type oppgåver, samansetnad og organisering og som gjeld ev. felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Meldesak 4) Konferanse «Bolig for eldre» 24.-25. september

Norges Bustadbyggelag, Husbanken, Pensjonistforbundet og Aldersvennlig Norge inviterer til konferansen «Bolig hele livet» i Kristiansand 24.-25. september. Sjå invitasjon i denne lenka: https://www.nbbl.no/Portals/1/NBBLs%20filarkiv/Kurs/Program/31116_eldre-og-bolig_2019-WEB.pdf

Meldesak 5) Landskonferansen 2019. Resolusjonar.

Fylkesrådet for eldre vedtok i møtet 11. februar 2019 å sende tre uttalar til landskonferansen: 1. Prioritering av eldreomsorga i kommunane. 2. Tilgang til internett på institusjonar for eldre. 3. Nedlegging av trafikkstasjonane. Under møtet vil ein diskutere vidare arbeid med uttalane. Sjå møtebok frå siste møtet i Fylkesråd for eldre:

https://www.sfj.no/ato/esa62/document/moeteprotokoll-moete-i-fylkesraadet-for-eldre-den-11-02-2019-cat344489-mid120471_b932fe6826.19018837d19018837.4642ae972f.pdf